



Referat frå styremøte i Hjelmeland bygdekvinnelag 26.1.22

Hos Kirsti Flatø

Til stades: Liv Inger Mæland, Grethe Gauthun Olsen, Kirsti Flatø, Janneke Wijergangs og Margrete Tytlandsvik, ref.

Etter teamsmøte med Frivilligsentralen og alle frivillige organisasjonar i Hjelmeland:

- Ny ungdomsskule, alle frivillige lag kan ha eit medlem som medlem av kontaktgruppa som skal vera med å sjå på fruk av desse lokala etter skuletid. Hjelmeland bygdekvinnelag valde Grethe G. Olsen som vår representant.
- Ny portal: Hjelmeland.foreningsportal.no. Bygdekvinnelaget er lagt inn der.
- Vår dag. 2022 er «frivillighetens år». Alle frivillige organisasjonar kan arrangera denne dagen for å visa fram kva ein driv med. Ein kan søkja om bidrag, inntil 25000 kr. dersom ein samarbeidar med ein annan org. og har fokus på barn og unge.

Etter styremøte i Rogaland bygdekvinnelag:

- Det skal vera Rikssamlingsjubileum 2022, frå Hafrsfjord til Nordvegen, 1150 årsfeiring 8 – 19. juni. Bygdekvinnelaga er inviterte til å vera med på å laga ullsegler som seglskutene brukte på den tida. Ein kjem attende til dette seinare.
- Eiga nettside. Margrete og Janneke ser vidare på dette.
- Årsmøte i Rogaland bygdekvinnelag 25. – 26. mars i Egersund.
- Studieforbundet kultur og tradisjon har teamsmøte 1. februar kl.18.00 for å informera om sine tilbod.

Andre tema:

- Vårprogrammet 2022. Blir sendt ut til medlemmene og lagt ut på facebook
- Den økonomiske stoda. Forslag om å laga adventskalender for å selja slik at ein kan få inntekter. Blei lagt på is nå. Mykje arbeid og slit med å få inn frivillige gåver.